

Årsmeldinga for året 2016

Årsmøtet i 2016, vart halde den 12. mars og 21 medlemar hadde møtt fram.

Ved valet vart valnemda si innstilling følgt og desse vart dei tillitsvalde for året 2016:

Leiar	Tor Johannes Bjørgaas
Nestleiar	Odd Tepstad
Styremedlem	Vigdis Markussen, Kjell Harald Nedreaas, Svein Mostrau, Arthur Brekke og Jacob Holme
Varamenn	Jan Ulvøy, Gunnar Guldbrandsøy og Magnar Brekke.
Revisor	Deloitte AS v/Pål Svendsen
Valnemd	Magne Hellan, Finn Guldbrandsøy og Roald Moldekleiv.
Kjedefondet	Vidar Lehmann og Magne Angelskår med Magne Hellan og Gunnar Guldbrandsøy som varamenn.

På det konstituerande styremøtet , den 19. mai vart styret organisert såleis:

Drifts- og vedlikehaldsgruppa: Svein Mostrau, Jan Ottar Ulvøy, Odd Tepstad, Jakob Holme, Roald Moldekleiv og Tor Johannes Bjørgaas.

Lagsgruppa, med medlemskontakten: Vigdis Markussen, Eva-Karin Nilsson og Gunnar Guldbrandsøy.

Dokumentasjons- og historikkgruppa: Odd Tepstad, Kjell Harald Nedreaas og Vidar Lehmann.

Finansierings- og Økonomigruppa: Kjell Harald Nedreaas, Arthur Brekke og Magnar Brekke.

Kjedefondet: Styret sin representant: Kjell Harald Nedreaas og Vidar Lehmann.

Rekneskapsførar: Advisor Rekneskap AS, v/Gunvor Teigland.

Styret har hatt 6 ordinære møte i perioden og alle møta vart haldne på Ostereidet og takk til trise Ragnhild for bevertninga.

Rapport frå Drifts- og vedlikehaldsgruppa:

Driftsrapport:

Den 23. april vart det halde ein tryggleiksdag, med fokus på dei situasjonane som kan oppstå ombord. OSTER gjekk, med heile besetningen om bord, til Ostereidet-flaket og vart liggjande til ankers der. Der vart det gitt instruksjonar i bruken av ankerspelet og kva ein må vera observant på med eit dampdrive dekkmaskineri. Etterpå vart det øvt på å la ankeret gå og å hive det inn att. Brannalarmen vart utløyst og det vart gitt orientering om brannførebyggjing og brannsløkking, med ein øvelse etterpå.

Livbåtalarmen vart utløyst og alle tok på seg dei gule mannskaps-redningsvestane. Det vart gitt ei orientering om utsetjinga av dei oppblåsbare redningsflåtane.

Lettbåten vart vinsja ned frå salonghustaket og sett utpå.

Det heile vart avslutta med ei evaluering av programmet på denne dagen og deltakarane kunne nyte trisene sin velsmakande kaffimat og nytrekte kaffi.

Seglingssesongen vart opna med Kulturdagen i Ytre Arna, laurdag den 30. april, der OSTER transporterte folk frå Øyrane Torg, Haus og Votlo til/frå arrangementet i Ytre Arna.

Vergudane var i godlag og dermed vart oppsluttnaden om Kulturdagen god.

3.

Verkstadopphaldet

Den 1. mai gjekk turen til verkstedet Bergen Group Skjøndal for den årlege slippsetjinga og 5-års kontrollmålingar av undervasskroget. Tjukkelsen vart målt med ultralyd på 170 målepunkt og resultatet var slik at Sjøfartsdirektoratet ikkje hadde ein einaste merknad !

Dette var imponerende og viser at det 108-år gamle isbrytarskroget fortsatt er i god stand.

Skipsmannskapet gjorde ein stor innsats, slik at skutebotnen vart ferdig bunnsmurt like etter at målingane var gjort.

Botnventilane, som har kontroll anna kvart år, vart også opna i år og dei var funne å vera intakte.

Sjøsetjinga skjedde 48 timar etter at OSTER kom opp på slippet og kursen vart straks sett heimover.

Roret vart, etter godkjenning av Riksantikvaren, påsveisa, slik at rorarealet auka frå 1.8 % til 2,8 % av undervasskroget sitt lengdetervernsnitt.

Turane

Den 7. mai vart eit 70 års-bursdagslag, henta i bydn og dei fekk ein strålende fjordtur til festen.

Det neste oppdraget vart transport av eit brurepar med gjestar, frå Arna og til bydn.

Hansadagane varte i 4 dagar og med Torgdagen på lørdagen i den same veka. Denne dagen skulle "adle te bydn" og det vart fullt belegg om bord. Trisene våre jobba under høgtrykk og salet av Oster-suppa, slo alle tidlegare rekordar.

Den 16.juni gjekk den årlege barnehageturen frå Ostereidet, Hosanger og Knarvik gjennom Krossnessundet, Alverstraumen og Alversund og heimatt med ungane. Ungane vart trakterte av Oster-trisene, og storkosa seg om bord denne gongen også.

På dei to siste sundagane i juni og dei to første i juli gjekk dei tradisjonelle turane frå Bergen til Lyngheiseret på Lygra og Utvandarsenteret på Sletta. Annonseringa, som skjer i Museumssenteret sin regi, var ikkje heilt god i år, slik at dette måtte rettast opp og dette gav fleire passasjerar.

Det er fortsatt stor ledig passasjerkapasitet på desse turane og styret arbeider med forbetringar også til den komande sesongen.

Siste lørdagen i juni transporterte OSTER eit brurepar m/gjestar frå bydn og til Frekhaug.

I månadsskiftet juni/juli vart Modalsdagane arrangert og Modalen Kommune ønskte at OSTER skulle koma på besøk til Mo den 2. juli og dette vart gjort.

I slutten av juli hadde enda eit brurepar gjestane sine med på ein fjordtur med OSTER.

Laurdag den 13. august vart Kaidagen på Fønnes arrangert og OSTER var ønskt velkomen der også.

På kvelden gjekk den tradisjonelle turen på Hindenesfjorden. Denne gongen også i samarbeid med bygdelaga for Myking-bygda, Åsgard/Hindenes og Stranda. Det vart full båt i år også.

Den neste dagen gjekk Oster frå Askelandsvågen via Fønnes til Furnes der det vart 2 timar stopp i forbindelse med Kaidagen på Furnes. Ferda gjekk så vidare med passering gjennom Kviggesundet og Eivindvik hamn, forbi Olavsstatuen i Skjerjehamn og forbi Mjømna til Fønnes.

I den etterfølgjande veka vart det eldretur for Austrheim kommune.

Det vart prøvt eit nytt opplegg på Hanevik på Askøy, med Kveldstur på lørdagskvelden og liggja i ro ved kaien på søndagen. Dette vart så vellukka at arrangøren med det same bestilte OSTER til neste år.

Dagen før og etter Hanevik-dagen var det private oppdrag, som gav litt påfyll i den slunkne kassen.

Den neste helga var det Kystsogedagar på Holmeknappen med eit godt program og godt frammøte.

Første dagane i September vart det arrangert Bondens Marknad på Koengen, men Oster og dei andre veteranbåtane fekk som tidlegare, kaiplass ved Bryggen.

Den årvisse Modalsturen gjekk søndag den 4. september og passasjerane mot Bergen tok veteranbuss frå Vikanes, medan Oster avslutta dagen i Bjørsvik.

Kulturnatta 2016 den 9. september sette punktum for enda ein vellukka sesong.

Ein stor takk til alle som stiller opp og legg ned ein stor innsats med vedlikehaldet i vinteropplaget og som også stiller opp, som driftsmannskap i seglingssesongen.

Utan desse trugne støttespelarane hadde det ikkje vore mogeleg å halda kulturskatten vår, D/S OSTER, idrift.

Gjennomsnittsalderen for dei aktive medlemene stig eit år om gangen. Kjenner de nokon som kanskje kunne lika å vera aktivt med på drift og vedlikehald av D/S OSTER ? Er svaret ja, så må de vera så snille og motivere dei til å bli med i eit aktivt og sosialt miljø ombord på D/S OSTER.

4.

REISERAPPORT for 2016:

	n.mil
1. 23.04: Sikkerhetsdag for heile mannskapet, til ankers på Ostereidet-flaket	2
2. 30.04: Bjørsvik – Indre Arna – Ytre Arna – Haus - Votlo, m/retur Bjørsvik.....	58
3.A 02.05: Bjørsvik - Skjøndal Slipp	18
3.B 04.05: Skjøndal Slipp - Bjørsvik	18
4. 07.05: Bjørsvik – Bergen – Valestrandsfossen – Ytre Arna - Bjørsvik	47
5. 04.06: Bjørsvik - Indre Arna - Bergen – Bjørsvik	53
6 A. 09.06: Bjørsvik – Bergen	18
6 B. 10.06: Bergen - Ostereidet	17
6 C. 11.06: Ostereidet – Hosanger – Eknes – Leknes – Hamre – Salhus – Bergen m/retur	20
6 D. 11.06: Bergen – Salhus – Hamre - Leknes – Eknes - Hosanger – Ostereidet – Bergen	37
6 E. 12.06: Bergen - Bjørsvik	18
7. 16.06: Bjørsvik – Ostereidet – Hosanger – Knarvik – Alverstraumen, m/retur	33
8. 19.06: Bjørsvik – Bergen – Lygra/Sletta – Bergen – Bjørsvik	83
9 A. 25.06: Bjørsvik - Bergen – Frekhaug – Bergen	34
9 B. 26.06: Bergen – Salhus - Frekhaug – Lygra m/retur og til Bjørsvik	67
10 A. 02.07: Bjørsvik – Tysse – Vikanes – Mo – Vikanes – Tysse – Bergen	54
10 B. 03.07: Bergen – Salhus - Frekhaug – Lygra - Sletta, t/r – til Bjørsvik	67
11. 10.07: Bjørsvik – Bergen – Lygra/Sletta – Bergen – Bjørsvik	83
12. 05.08: Bjørsvik - Bergen – Fjordtur – Bergen - Bjørsvik	65
13 A. 13.08: Bjørsvik – Knarvik - Fønnes	30
13 B. 13.08: Fønnes – Myking – Åsgard – Askeland – snudde ved Eidatræet – Myking - Åsgard – Askeland	24
13 C. 14.08: Askeland – Fønnes – Furnes – Eivindvik – Skjerjehamn – Fønnes – Mastrevik	40
13 D. 16.08: Mastrevik – Brandangersundet – pass. Skjerjehamn – Mastrevik – Bjørsvik	51
14 A. 19.08: Bjørsvik – Bergen – Fjordtur – Bergen	42
14 B. 22.08: Bergen – Hanevik – Skjellanger – Alverstraumen – Hanevik	37
14 C. 23.08: Hanevik – Bjørsvik	12
15.A. 27.08: Bjørsvik – Holmeknappen	12
15.B 27.08: Holmeknappen – kveldstur i rute på Herdlefjorden, retur til Holmeknappen	48
15.C 28.08: Holmeknappen – Frekhaug – Bjørsvik	12
16.A 01.09: Bjørsvik – Bergen	18
16.B 04.09: Bergen – Salhus – Leknes – Hosanger – Ostereidet – Tysse – Vikanes – Mo	
16.C 04.09: Mo – Vikanes – Tysse – Ostereidet – Hosanger – Bjørsvik.....	67
17.A 09.09: Bjørsvik – Bergen.....	18
17.B 12.09: Bergen – Bjørsvik	18
<u>Utsegla distanse i året 2016 i nautiske mil</u>	<u>= 1221</u>
<u>Utsegla distanse i året 2015 i nautiske mil.....</u>	<u>= 1.844</u>
<u>Den utsegla distansen i fjor vart 66 % av 2015. Årsak: Ingen langturar utanfor Hordaland fylke.</u>	

Vedlikehaldsrapport:

Dampkjelen

Sotsjauen vert kvart år gjort snarast mogeleg etter at OSTER er lagt i vinteropplag.

Det viste seg at den ildfaste pluggen mot brennarfronten i SB fyrgang hadde fått nokre mindre sprekker og desse vart reparerte med ildfast mørtel.

Før oppfyringa, vart kjelen kontrollert både på røykgassida og i vass/damprommet. Før OSTER la ut på den første turen vart sikkerhetsventilane justert og funksjonstesta. Flamme- og nivåovervåkinga vart også funksjonstesta, med godt resultat.

5.

Hovedmaskina

Høgtrykks-sleideboringa og dei 2015-nye tetningane på sleiden vart kontrollerte og desse vart funne å vera i framifrå god stand.

I sommar gjekk maskina som ei klokke, men søkelyset er no sett på lågtrykksleiden der det kan vera noko å rette på.

Etter at seglingsseasonen var unnagjort vart alle tre sleidane trekte opp.

Høgtrykksleiden sine tetningsringar vart fornya.

Mellomtrykksleiden vart funnen å vera god og vart monterert igjen, slik den var.

På lågtrykksleiden vart anleggsflata mot sleidestanga funnen å ha skjeiv slitasje og vart reparert.

Kondensaren

Røyrtsatsen vart børsta og spylt med ferskvatn og endelokka vart reingjort og smurte med Apexior og nye sinkanodar vart monterte.

Hovedsjøkjølevasspumpa

Ventilhuset vart opna og ventilplatene vart kontrollerte. Alt såg bra ut og ventilhuset vart smurt med Apexior og monterte nye sinkanodar.

Dei påhengte pumpene

Balansedrifta med koplestang vart demontert og skjeivheten mellom koplestanga og pumpene vart retta opp.

Redningsutstyret

Alle flåtane vart resertifiserte før sesongstarten.

Vårpussen

Skutesida var ferdig malt før slippsetjinga, slik at vasslina vart "sett av" på slippen.

Ankerspelet

Det viste seg at holet i styrbord glandring var for trangt og måtte dreiast ut og dette gav ankerspelet ein betydeleg jevnare gange.

Skanseledning på fordekket

Mala undersida av toppflensen.

Maskintelegraf

Den gamle maskintelegraf, som følgde med i maskinkjøpet frå England, fekk i sommar avløyning av ein nyare type, produsert av firmaet Olsen & Borge i Oslo. Brusøyla med telegraphhovudet er av messing og tek seg retteleg godt ut i styrehuset. Maskinromsdelen ser også pent brukt ut. Maskinromsdelen dukka opp på finn.no på hausten -15 og brusøyla på våren -16. Dette nye settet har truleg vore brukt ombord på eit fartøy med brumanøver, då der ikkje finst spor av slitasje.

Styret har gjort eit vedtak om å gje den gamle settet som gåve til m/s Gamle Skogøy i Narvik.

Lugarane på BB-sida forut

Demonterte all innredninga og kontrollerte og reparerte stål etter behov. Etterpå vart dette rustbehandla med 3 strøk primer og dekkstrøk. Tilslutt vart all innredninga bygt opp igjen og lugarane vart malte.

6.

Styrehusdørken

Trallverket vart løfta vekk og dørken vart skrapa og lakka.

2. pl. salongen

Etter sesongslutten-2016, vart heile innreiinga på styrbord sida forsiktig demontert, slik at det kan gjerast tjukkelsesmålingar og nødvendige reparasjonar på hudplater og spanter. Dette er ein omfattande jobb, men skal vera ferdig til den komande sesongstarten.

Stag på Aktermasta.

Fornya begge wire-staga m/strekkfiskar, som strekke forover mot maskinskylightet. Desse var rustne og hadde gjort sitt.

Ankerspelet

Demonterte begge sylinderdeksla og gjorde reint i sylindrane og smurte dei godt inn med smøreolje.

Styremaskina

Tok av dekslet for kontroll. Alt vart funne å vera tett.

Samandrag av vedlikehaldsarbeidet ombord:

Det siste året er det notert 2710 timar dagnadsarbeid ombord på D/S OSTER og det totale timetalet har kome opp i : **53.564 timar.**

Finansiering og økonomi

Gruppa har ikkje hatt særskilte møte, men har diskutert sakene på styremøtene. Den største aktiviteten i gruppa er i samband med ulike søknadsfristar og diskusjon om prioriterte påkostnader som det må søkjast ekstern støtte for. Dette krev tid og omtanke. Responsen på søknadene har variert. Grunna nedskrivingsreglar av dampskipet så har årsrekneskapane vist eit underskot dei siste åra. Det er Lagets målsetnad å få eit netto positivt driftsresultat kvart år. Store og viktige støttespelarar/sponsorar som Hordaland Fylkeskommune og Riksantikvaren krev no i større grad enn tidlegare ein god dokumentasjon på utført vedlikehaldsarbeid og innkjøpt utstyr før dei betalar ut støtta til laget. Seglingsplanen for DS OSTER med stoppestader gjev også sponsorar og støttespelarar/gjevarar høve til å besøkje DS OSTER, og det er gledeleg å sjå at det blir skipa til lokale arrangement i samband med slike båtbesøk.

Gruppa vil oppfordre medlemmane i NHVL til å støtte DS OSTER med grasrottdelen når ein Tippar eller spelar Lotto. Gruppa oppfordrar medlemmer til å kome med innspel og idear som kan vere med å støtte drift og vedlikehald av DS OSTER.

Dokumentasjon- og historikk

Gruppa har som oppgåve å sjå til at reparasjonar og montering av utstyr og inventar samsvarar med slik båten opprinneleg var då han gjekk i rutefart mellom Bergen og fjordane kring Osterøy før 1964. DS OSTER har no fått ny maskintelegraf. Maskinromsdelen, vart kjøpt på Møre, og brusøyla vart henta i Drammen.

Roret har fått auka overflata slik at manøvreringa, og dermed tryggleiken, har blitt betre. Alt vart gjort i samråd med Riksantikvaren. Gruppa har ikkje hatt andre saker oppe i 2016.

7.

Økonomien

Rekneskapen for 2016 er sett opp under føresetnad om framleis drift.

Styret meiner at årsrekneskapet viser ei klår oversikt over utviklinga og NHVL sin stilling pr. 31.12.2016.

Dei samla driftsinntektene i 2016 var på kr. **1.419. 193** mot kr. **1.071.219** i 2015.

Årsresultatet viser eit underskot i 2016 på kr. **115.772** mot kr. **443. 666** i 2015.

Styret vil presisere at den økonomiske stoda ikkje er så ille, som det negative resultatet viser.

Det er dei rekneskapsmessige reglane om avskrivning som er årsaka til at resultatet blir slik.

Det er ei utfordring for styret å gjera sitt beste for at resultatet kan bli positivt i 2017.

Ostereidet, 2. mars 2017.

Vigdis Markussen
Styremedlem

Arthur Brekke
Styremedlem

Kjell Harald Nedreaas
Styremedlem

Odd Tepstad
Nestleiar


Svein Mostraum
Styremedlem

Tor Johannes Bjørgaas
Styreleiar


Nordhordland Veteranbåtlag
Balanse pr. 31. desember

NOTER	EGENKAPITAL OG GJELD	2016	2015
	Egenkapital		
	Opptjent egenkapital		
	Reservefond	2.314.427	2.293.696
	Annen egenkapital	9.240.574	9.377.078
	Sum opptjent egenkapital	<u>11.555.001</u>	<u>11.670.774</u>
1, 5	Sum egenkapital	<u>11.555.001</u>	<u>11.670.774</u>
	Gjeld		
	Kortsiktig gjeld		
	Leverandørgjeld	4.953	0
	Annen kortsiktig gjeld	105.500	267.816
	Sum kortsiktig gjeld	<u>110.453</u>	<u>267.816</u>
	Sum gjeld	<u>110.453</u>	<u>267.816</u>
	SUM EGENKAPITAL OG GJELD	<u>11.665.454</u>	<u>11.938.589</u>


Ostereidet, 2/3..... 2017



Tor Johannes Bjørgaas
styrets leder/daglig leder


Odd Tepstad
nestleder


Vigdis Markussen
styremedlem


Svein Mostraum
styremedlem


Kjell Harald Nedreaas
styremedlem


Arthur Brekke
styremedlem

Til årsmøtet i Nordhordland Veteranbåtlag

Tlf.: +47 55 21 81 00
Faks: +47 55 21 81 33
www.deloitte.no

UAVHENGIG REVISORS BERETNING

Uttalelse om revisjonen av årsregnskapet

Konklusjon

Vi har revidert Nordhordland Veteranbåtlags årsregnskap som viser et underskudd på kr 115 772. Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2016, resultatregnskap for regnskapsåret avsluttet per denne datoen og noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Etter vår mening er det medfølgende årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettviseende bilde av organisasjonens finansielle stilling per 31. desember 2016, og av dets resultater for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

Grunnlaget for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder de internasjonale revisjonsstandardene International Standards on Auditing (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet i Revisors oppgaver og plikter ved revisjon av årsregnskapet. Vi er uavhengige av organisasjonen slik det kreves i lov og forskrift, og har oppfylt våre øvrige etiske plikter i samsvar med disse kravene. Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Øvrig informasjon

Ledelsen er ansvarlig for øvrig informasjon. Øvrig informasjon består av årsberetningen, men inkluderer ikke årsregnskapet og revisjonsberetningen.

Vår uttalelse om revisjonen av årsregnskapet dekker ikke øvrig informasjon, og vi attesterer ikke den øvrige informasjonen.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese øvrig informasjon med det formål å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom øvrig informasjon og årsregnskapet, kunnskap vi har opparbeidet oss under revisjonen, eller hvorvidt den tilsynelatende inneholder vesentlig feilinformasjon. Dersom vi konkluderer med at den øvrige informasjonen inneholder vesentlig feilinformasjon er vi pålagt å rapportere det. Vi har ingenting å rapportere i så henseende.

Styret og daglig leders ansvar for årsregnskapet

Styret og daglig leder (ledelsen) er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet i samsvar med lov og forskrifter, herunder for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge. Ledelsen er også ansvarlig for slik intern kontroll den finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Ved utarbeidelsen av årsregnskapet må ledelsen ta standpunkt til organisasjonens evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Forutsetningen om fortsatt drift skal legges til grunn for årsregnskapet så lenge det ikke er sannsynlig at virksomheten vil bli avviklet.

Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Vårt mål er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke økonomiske beslutninger som brukerne foretar basert på årsregnskapet.

Som del av en revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, utøver vi profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom hele revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentlig feilinformasjon i årsregnskapet, enten det skyldes misligheter eller utilsiktede feil. Vi utformer og gjennomfører revisjonshandlinger for å håndtere slike risikoer, og innhenter revisjonsbevis som er tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentlig feilinformasjon som følge av misligheter ikke blir avdekket, er høyere enn for feilinformasjon som skyldes utilsiktede feil, siden misligheter kan innebære samarbeid, forfalskning, bevisste utelatelser, uriktige fremstillinger eller overstyring av intern kontroll.
- opparbeider vi oss en forståelse av den interne kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av organisasjonens interne kontroll.
- evaluerer vi om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskaps-estimatene og tilhørende noteopplysninger utarbeidet av ledelsen er rimelige
- konkluderer vi på hensiktsmessigheten av ledelsens bruk av fortsatt drift-forutsetningen ved avleggelsen av årsregnskapet, basert på innhentede revisjonsbevis, og hvorvidt det foreligger vesentlig usikkerhet knyttet til hendelser eller forhold som kan skape tvil av betydning om organisasjonens evne til fortsatt drift. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentlig usikkerhet, kreves det at vi i revisjonsberetningen henleder oppmerksomheten på tilleggsopplysningene i årsregnskapet, eller, dersom slike tilleggsopplysninger ikke er tilstrekkelige, at vi modifiserer vår konklusjon om årsregnskapet og årsberetningen. Våre konklusjoner er basert på revisjonsbevis innhentet inntil datoen for revisjonsberetningen. Etterfølgende hendelser eller forhold kan imidlertid medføre at organisasjonen ikke fortsetter driften.
- evaluerer vi den samlede presentasjonen, strukturen og innholdet i årsregnskapet, inkludert tilleggsopplysningene, og hvorvidt årsregnskapet gir uttrykk for de underliggende transaksjonene og hendelsene på en måte som gir et rettviseende bilde.

Vi kommuniserer med styret blant annet om det planlagte omfanget av revisjonen og til hvilken tid revisjonsarbeidet skal utføres. Vi utveksler også informasjon om forhold av betydning som vi har avdekket i løpet av revisjonen, herunder om eventuelle svakheter av betydning i den interne kontrollen.


Uttalelse om øvrige lovmessige krav*Konklusjon om årsberetningen*

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, mener vi at opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet og forutsetningen om fortsatt drift er konsistente med årsregnskapet og i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag ISAE 3000 *Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon*, mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av organisasjonens regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringskikk i Norge.

Bergen, 3. mars 2017
Deloitte AS



Pål Svendsen
statsautorisert revisor

Økonomien

Rekneskapen for 2016 er sett opp under føresetnad om framleis drift.

Styret meiner at årsrekneskapet viser ei klår oversikt over utviklinga og NHVL sin stilling pr. 31.12.2016.

Dei samla driftsinntektene i 2016 var på kr. **1.419. 193** mot kr. **1.071.219** i 2015.

Årsresultatet viser eit underskot i 2016 på kr. **115.772** mot kr. **443. 666** i 2015.


Styret vil presisere at den økonomiske stoda ikkje er så ille, som det negative resultatet viser.

Det er dei rekneskapsmessige reglane om avskrivning som er årsaka til at resultatet blir slik.


Det er ei utfordring for styret å gjera sitt beste for at resultatet kan bli positivt i 2017.


Ostereidet, 2. mars 2017.


Vigdis Markussen
Styremedlem


Arthur Brekke
Styremedlem

Kjell Harald Nedreaas
Styremedlem


Odd Tepsjø
Nestleiar


Svein Mostraum
Styremedlem


Tor Johannes Bjørgaas
Styreleiar